

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 12.12.17

**FRÅ:** Administrerende direktør

**SAKSHANDSAMAR:** Laila Nemeth

**SAKA GJELD:** **Status bygg Haugesund 2020**

**STYRESAK:** **88/17**

**STYREMØTE:** **19.12.17**

### **Administrerende direktør si orientering notat 4**

ByggHgsd2020 er no i innspurten av brukargruppemedverknaden før totalentreprisen blir lagt ut på Doffin januar 2018. Som tidlegare beslutta i styret, har ein lagt opp til totalentreprise med forhandling og samspillsfase med vald leverandør. Grunnlaget som vart sendt ut er no til kvalitetssikring hos jurist og sidemannskontroll hos Sykehusbygg HF.

Ein har inngått avtale med RISA om å gjennomføre arbeidet med byggjegropa, samt moglegheit for opsjon på byggetrinn 1 av atkomstplassen mot nord.

08.01.18 startar arbeidet opp, og ein planlegg ei markering av første spadestikk 12.01.18.

For å sikre ein heilskapleg plan på utforming, funksjonalitet og estetikk, er det utarbeidd ein interiørstrategi. Her blir det lagt føringar for miljøoppfølging, terapeutisk bruk av lys i bygget, løysingar, fargar og materialval. Strategien vil ligge ved totalentreprisen, og vil danne føringar for det vidare arbeid med interiør. Døme på interiørløysningar vil bli vist i styremøtet.

Ein planlegg no prosess for dei ulike utstyrspakkane og kravspesifikasjonar knytt til desse.

Utstyrsanskaffingane knytt til fullautomatisert laboratorium samt operasjonsstuer vil krevje særleg fokus. Arbeidet vil ha sin hovudtyngde heile 2018, og arbeidet skjer i tett dialog og samhandling med Sjukehusinnkjøp.

Prosjektet er framleis i rute knytt til økonomi, tid og kvalitet